



Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/391 - 18/4247

Saksbehandlar:

Frøydis Ones

Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:

16.02.2018

Oppsummering frå oppstartmøte 8. februar. Fase 1 i arbeidet med handels- og næringsanalyse

Møtedeltakarar:

Frå Meland kommune: Kristin Nåmdal, Alexander Helle

Frå Radøy kommune: Lisbeth Toppe Alver

Frå Lindås kommune: Arne Eikefet, Line Thuen Waage, Marte Hagen Eriksrud, Frøydis Ones

Frå AsplanViak as: Steinar Onarheim

Forfall:

Bergen kommune ynskjer å delta i analysefasen,

Hordaland fylkeskommune ved Anne-Kathrine Vabø

Bakgrunnsinformasjon:

Lindås kommune fekk etter søknad mot slutten av 2016 støtte til handels- og næringsanalyse gjennom Hordaland fylkeskommune sine HNH midlar. Kommunen har vore i dialog med fylkeskommunen om prosjektet i 2017. Det har vore vanskeleg å få prioritert arbeidet med å henta ut grunnlagsmateriale frå statistiske kjelder ved hjelp av eigne ressursar. Difor har kommunen no engasjert Asplan Viak til dette arbeidet som er omtala som fase 1.

Gjennomgang av tilbod:

Steinar Onarheim gjekk gjennom tilbodet som er levert, i hovudsak er det 4 faser med ein mogleg opsjon.

Oppdraget er eit kunnskapsgrunnlag, og vil vere eit viktig grunnlag for innspel til korleis ein kan etablere ein berekraftig Alver kommune. Dei fire fasane omfattar:

- Skildre handels- og varebalansen i kommunane
- Oversyn over eksisterande detaljhandelsareal i overordna planar
- Folketalsframskriving for 5 og 20 år
- Oversyn over næringsssituasjonen i kommunane

Tilbakemelding til konsulent:

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



Del 1: Skildre handels- og varebalansen i kommunane.

- Konklusjon: AsplanViak tingar data på postnummernivå fordi dei er av nyare dato (haust 2017) og fordi vi får meir detaljert informasjon.

Del 2: Oversyn over eksisterande detaljhandelsareal i overordna planar

- Konklusjon: Kommunane må sende over reguleringsplanar som i arealdelen av kommuneplanen eller kommunedelplanar, ligg innanfor føremålet sentrum (1130), kjøpesenter (1140) eller forretning (1150). Kommunane sender også over ei liste som viser kva som er tillatt utbygging (oppgitt i BRA og %BRA) i kvar reguleringsplan, og i kva kommuneplanområde denne reguleringsplanen ligg. **Frist** for tilbakemelding til Asplan Viak: fredag 16. februar.
- Send over SOSI eller shape fil for gjeldande arealdel av kommuneplanen og kommunedelplanar slik at AsplanViak frå oppdaterte planar. **Frist** for å sende KDP og KP til Asplan Viak er onsdag den 14. februar.

Del 3: Folketalsframskriving for 5 og 20 år

Del 4: Oversyn over nærings situasjonen i kommunane

- Konklusjon:
 - o Meland kommune sender over rapport og grunnlagsdata ? frå arbeidet med pendlaranalyse.
 - o Næringsstrategi for Meland vert oversendt
 - o Lindås kommune prøver å framskaffa grunnlagsdata til næringsrapporten i ByR programmet.
 - o Prosjektmandat handlingsplan for næring og utvikling vert sendt frå Lindås kommune
 - o Asplan Viak ønsker tilbakemelding frå kommunane dersom det er nokon næringar ein skal sjå særskilt på.

Generelle tilbakemeldingar:

- Det er viktig at kommunane deltek i utvelginga av kva data som skal leggjast til grunn. På bakgrunn av dette vil Asplan Viak kome attende til eit punkt på eit seinare tidspunkt.

Opsjon: AsplanViak sender over litt meir informasjon om dei ulike modellane, evt. tek kontakt med prosjektleiar i Lindås. Kommunane tek ein runde på dette internt, før vi avklarar oss i mellom.

Tilleggssavklaring som AsplanViak ynskjer tilbakemelding på etter møtet 8. februar:

Del 2:

Oversyn over eksisterande detaljhandel i overordna planar. I førespurnaden står det på kulepunkt 3 heilt nedst på sida: «Berekning av ledig areal til detaljhandel i KPA innafor tillatt utnyttingsgrad». Men her er det snakk om å bruke avgrensingane for arealformål 1130, 1140 og 1150 i kommuneplanar og kommunedelplanar og så vidt eg veit er det ikkje angitt ein tillatt utnyttingsgrad i slike overordna planar. Ber om stadfesting på følgjande forslag til svar: Kommunane stadfestar at KDA og KPA har ikkje oppgitt %BRA.

Referatet er sendt møtedeltakarane for evt. korrigeringar. Merknader er ikkje motteke innan fristen.

Med helsing

Frøydis Ones
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.